



Dyrkolbotn Fjellstove og Leirskole  
Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7597 - 18/23397

Saksbehandlar:  
Astrid Aarhus Byrknes  
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:  
30.07.2018

## Utbygging av vindkraft

*Syner til Signhild Dyrkolbotn sitt innlegg i lokalaviser og ope brev til Lindås kommune vedrørande planar om utbygging av vindkraft i Dyrkolbotn. Det at Norsk Vind Energi AS har planar om vindkraftutbygging i Dyrkolbotn er nytt for oss, Lindås kommune er ikkje blitt kontakta av selskapet om slik utbygging i dette området. Vi hadde eit møte med Norsk Vind Energi AS i februar 2018, der presenterte dei muligheiter for området ved Austlendingen. Dette var vi skeptisk til og sidan har vi ikkje høyrte noko meir om desse planane. Det er viktig å presisere at det ikkje er lagt til rette for vindkraftutbygging i gjeldande kommuneplan for Dyrkolbotn. Norsk Vind Energi AS kan sjølvsagt søke om dispensasjon, og den må vi handsame på vanleg måte om den kjem. Men slik eg har oppfatta dialogen med Norsk Vind Energi AS, er dei opptatt av å ha god dialog med kommunane i slike prosessar. Eg vil også anbefale dei om å sjå nøye på kommuneplanen sine føresegner.*

*I Lindås kommune sin kommuneplan (samfunnsdelen) har vi sagt at kommunen skal satse på fornybar energi, men det betyr ikkje at vi skal ha denne typen utbygging kvar som helst. Dyrkolbotn er eit verdifullt friluft- og rekreasjonsområde i Lindås kommune, og det arbeidet som Dyrkolbotn Leirskule gjer for barn og unge, og for reiselivet er viktig for oss. Umiddelbart ser eg difor ikkje at Dyrkolbotn er rette staden for ein vindmøllepark, men alt dette skal ha ein grundig og open prosess dersom Norsk Vind Energi AS kjem med forespørsel til Lindås kommune.*

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes  
ordfører

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**

Dyrkolbotn Fjellstove og Leirskole

Dyrkolbotn 119

5994

VIKANES